



Selma Eik og Eli Roseth Eik frå Uskedalen deltok i Eldredagen på Husnes

**Den internasjonale Eldredagen, innstifta av FN, vart skipa til på Husnes torsdag 2. oktober. 170 gjestar frå heile kommunen møtte fram. Av desse var det 12 påmelde frå Uskedalen.**



Kristian Hus og Kåre Nedrevåg starta og dreiv Aksidenstrykkeriet på Husnes frå 1965, eit firma som seinare gjekk inn i Kvinnheringen.

Tidlegare redaktør i Kvinnheringen, Kristian hus, hadde eit interessant kåseri med bilete frå eit langt liv i media. Det heile starta med sommarjobb i Grenda før vegen gjekk til Haugesund og typografutdanning. Han kom heim og starta Kvinnheringen i 1973.

Den fyrste redaktøren var Torfinn Myklebust frå Uskedalen. Vi kjenner også Kristian Hus frå NRK, lokalradio, Innsida, Husnesnett og nettsida Glimtvis.

Han er i dag leiar av Eldrerådet og har friske meiningar om den kommunale eldrepolitikken.

Den internasjonale duoen Michael Titt og Maria Jose framførte musikk frå mange land og det vart servert middag med dessert og kaffi, Allsong oig helsingar høyrer alltid med.

Påmeldinga frå Uskedalen kunne ha vore betre, men for dei som møtte fram var det ei triveleg stund i eit rikt sosialt fellesskap.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal  
Nett: Ola Matti Mathisen